



DEN NORSKE KYRKJA

Ålhus og Helgheim sokneråd Referat 03.06.25

Styre, råd og utval Ålhus og Helgheim sokneråd	Møtestad Skei Misjons hus	Møtedato 03.06.25
Arkiv nr.		Møteslutt 1930

Til stades på møtet:

Desse møtte: Hildegunn Huus (leiar Helgheim), Annette Svidal Slåtten (leiar Ålhus) Bjørn Anders Steinsund, Steinar Dvergsdal, Marit Vallestad, Bernt Kjosnes, Magne Kvinge, Solveig Lesto, Inger Johanne Klakegg, Ingeborg Slåtten, Ingvill Støfringstøl, Aud Førde, Kjellaug Bromset (vara), prest Geir Sørebo (på teams)
Meldt forfall Norvald Nedrebø og Camilla Klakegg
Saker 10 - 18 /25

Opning ved Hildegunn Huus

Sakliste:

Sak 10/25 Godkjenning av innkalling.

Vedtak: Innkallinga godkjent.

Sak 11/25 Godkjenning av referat av 26.03.25

Vedtak: Referat godkjent.

Til orientering takka den tilsette presten nei til stillinga.

Sak 12/25 Gudstenesteplan 01.06. – 31.12.25

Vedtak: Godkjendt utan merknad.

Sak 13/25 Minnelund på gravplassane i Jølster

Vedtak: Vi ber Sunnfjord kyrkjelege fellesråd utarbeid ein plan / oversikt over muligheter med minnelund ved alle kyrkjegardane i Jølster - kostnader og areal bruk. Orienter om mulighetane ved feste og urnenedsetting i eksisterande graver.

Må få laga til ei oversikt som kan publiserast i Hyrdingrøysta.

Sak 14/25 Medarbeidarfest.

Vedtak: 21.10.25 på Vassenden kyrkjesenter.

Komiteen blir 2 frå kvart sokn: Inger Johanne Klakegg, Solveig Lesto, Kjellaug Bromset og Bjørn Anders Steinsund. Inger Johanne og Solveig kallar inn til første møte.



DEN NORSKE KYRKJA

Ålhus og Helgheim sokneråd Referat 03.06.25

Sak 15/25 Kyrkjelydstur - 2025

Vedtak: Tur til Ørsta 23. august 2025 med opplegget "Fagert er landet" - Oppvekstbygda til Anders Hovden og Ivar Åsentunet. 100-års jublieum til Nynorsk salmebok.

Steinar Dvergsdal har laga til opplegg i lag med Astrid og Vidar Feldt og tidlegare prest i Jølster Svein Kvamsdal. Blir sendt ut invitasjon med påmeldingsfrist.

Sak 16/25 Sak frå Trusopplæringsutvalget – kva tilrår sokneråda om deltakaravgift.

Vedtak: Prøvar ut året 2025 utan deltakaravgift. Eventuelt innføre / ta det opp til ny vurdering neste år.

Ved offring til kyrkjelydsarbeidet må ein opplyse meir om kva pengane går til - barne og ungdomsarbeid.

Sette inn kontonummer i Hyrdingsrøysta der ein kan gje ei gåve som skal brukast til trusopplæringa. Skrive litt om arbeidet og gjerne bruke litt bilder. For eks kva kostar bøkene som blir gjeve ut til barna i gudstenestene ?

Sak 17/25 Meldingar / orienteringar

- Ny utlysing av sokneprest stilling i Jølster i juni.
- Frå midt i juni til midt i september, er det andre prestar som har
- gudsteneste og gravferder.
- Geir Sørebo tek ny periode frå 28.09. – 31.12.25.
- Evaluering etter konfirmantfesten 27.04. 115 gjestar, gjekk fint, vil lage til referat og rekneskap
- Eksterne musikarar/songarar til gudstenesta i høve jazz på Jølst 12.10.
Hildegunn snakkar med Halvar Helgheim (leiar for jazz) – han får ta kontakt med kyrkjekontoret.
- I 2025 er det hundre år sidan Nynorsk salmebok vart gjeven ut. Folkeakademiet v/Silje spør om sokneråda i samarbeid om ei markering på Vassenden kyrkjesenter til hausten. Planen er å invitere Oddny Miljeteig, leiar i Bjørgvin Bispedømeråd. I Noregs Mållag har Oddny Miljeteig blitt utnemndt til heidersmedlem.
- Song kveld i slutten av september. Ingrid Søyland (mållaget) og Janne Karin Støylen planlegg songkveld med nynorske tekstar – Vassenden kyrkjesenter.

Sak 18/25 Stell av graver

Vedtak: Sokneråda ber Fellesrådet utarbeide ein plan der ein kan kjøpe tenester for stell av graver.